



Blom Fiskeoppdrett AS

Ulvøyvegen 130

5337 RONG

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/7124 - 15/21080

Saksbehandlar:

Eli Bjørklid

Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:

04.06.2015

## Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for utviding av anlegg for akvakultur i Rekeviki.

### Saka gjeld:

Blom Fiskeoppdrett AS søker om dispensasjon frå gjeldande arealplan for å endre konfigurasjonen på eksisterande anlegg ved lokalitet 10086 Rekeviki.

Endringa inneber overgang frå stålanlegg til plastanlegg med rammefortøyning.

### Planstatus/dispensasjoner:

Staden der anlegget ligg er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan, men den nye konfigurasjonen fører til at anlegget kjem utanfor grensene for det området som er sett av til føremålet.

Det er difor naudsynt med dispensasjon.

### Nabovarsling:

Tiltaket er varsla til naboane, og det har komme inn felles merknad frå fleire grunneigarar. Merknaden er datert 17.05.2015 og hovudpunktet er følgjande:

- Me sende og merknad til førre dispensasjonssøknaden datert 15.10.2014
- Det vart halde møte mellom Blom Fiskeoppdrett og naboane 15.05.2015. Det var synfaring på staden.
- Blom orienterte om endringane som er føreslege – dette er reduksjon i talet på merder i anlegget.  
Dette ser me på som eit positivt bidrag i høve til den store utvidinga som var tenkt i utgangspunktet.  
«Som grunneier vil vi være omforent med det forslaget som er fremkommet.»
- Vi ser på det som positivt for vår mulighet til å kunne nytte nærområdet til fiske, at det vert færre forankringspunkt.
- Støy og ferdsel vil være på same nivå som i dag, og fører ikkje til auka belastning for grunneigarane.
- Auka areal til akvakultur har ført til at området er forringa, samt at høvet til sjølvberging og rekreasjon er innskrenka. Vi ber difor om at konsesjonæren vert pålagd å finne avbøtande tiltak saman med grunneigarane og kommunen på dette punktet.

Søknaden no er ikkje sendt på høyring til anna mynde. Grunnen til dette er at ei tidlegare søknad av vesentleg større omfang enn den som no ligg føre, var på høyring. Kommunen vurderer at reduksjonen i omfang i den søknaden som no ligg føre, har komme i møte dei merknadane som kom fram ved førre handsaming.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



### **Vurdering av dispensasjon – pbl §19-2:**

«Kommunen kan gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av plan- og bygningslova. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føreseggnene det vert dispensorert frå eller omsyna i føremålsføreseggnene i lova vert sett vesentleg til side. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vere klart større enn ulempene. Det skal leggast særleg vekt på verknadar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Dersom overordna mynde har uttalt seg negativt til dispensasjon, bør kommunen ikkje dispensorere.»

Det gjeld dispensasjon frå arealføremålet akvakultur for å plassere eit eksisterande anlegg på ei anna måte i samband med opprusting av anlegget. Ny plassering fører til at ein vesentleg del av anlegget vert liggande utanfor området som er sett av til føremålet i gjeldande plan.

Det har vore søkt dispensasjon før. Søknaden som var datert 15.10.2014, omfatta dobblet så stort anlegg som det no er søkt om. Kommunen gav ikkje dispensasjon då saka var til handsaming i mars 2015. Søker sende klage og denne var teke opp til vurdering 19.05.2015. Kommunen endra ikkje si haldning og tok ikkje klagen til følgje.

#### Ny søknad:

Lokaliteten er den same som før. Plassering av nytt plastanlegg i rammer er den same som før, men det er no berre tre plastringar som skal plasserast. Arealforbruket for dei tre ringane i rammer er 30000m<sup>2</sup>.

Anlegget er plassert i retning på tvers av fjorden i aust – vestleg retning. På grunn av dette og for å stabilisere og forankre anlegget, vil fortøyningane føre til at eit vesentleg større område enn 30000m<sup>2</sup> vert teke i bruk av anlegget.

#### Søker skriv om tiltaket:

- Den nye anleggsutforminga vil føre til betre gjennomstrøyming av vatn i nøtene, og dermed betre øksygentilhøve for fisken
- Betre plass for fisken og derfor auka velferd
- Betre fleksibilitet når fisken skal avlusast
- Meir effektiv handtering av utstyr i samband med avlusing
- Betre miljøtilhøve under anlegget

Dei betra miljøtilhøva er knytt til auka gjennomstrøyming av vatn som ein meiner vil spreie avfallet over eit større område. Straumen går mot sør aust. Dette er inn i fjorden som ender blindt. Det er ikkje gjort greie for om ureina vatn vil drive innover og til sist verte til eit ureina lag langs stredene i fjorden.

#### Diskusjon :

Ny søknad er ei tilpassing til dei merknadane som er komme fram i tidlegare saksutgreiingar og i møte mellom kommunen og tiltakshavar.

Ny søknad omfattar same volum fisk som no, men anlegget er utforma på ein annan måte enn no.

Den nye forma på anlegget gjer at det vert meir rom for fisken, mindre ureining under anlegget – same volum avfall vert spreidd over eit større område.

Ny utforming skal og føre til betre tilhøve for fisken og lettare handtering i samband med avlusing.

Som merknaden frå naboar syner, vert tilhøva for dei uendra med tanke på støy og ferdsel, men i høve til den først planlagde endringa, vurderer naboane at den nye endringa vert til å leve med.

Truleg vil tilhøva for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge verte om lag som no etter endringane. Det er knytt usikkerheit til kva dei store og lange fortøyingane vil ha å seie for ferdsel og bruk av fjorden til andre føremål. Forankring vil råke eit gyteområde for torsk, men dersom tidspunkt for plassering er utanfor gytesesongen, vil truleg området ha «sett seg», slik at fisken kan gyte utan å verte forstyrra av ankerfesta.

Eit mindre anlegg slik det no gjeld, vil ikkje i same grad sperre sundet mellom land og holmen (Kråko). Tilgjenge for folk flest vert om lag som no.

Miljø vert betra ved lokaliteten, men ein veit ikkje om ureininga vil spreie seg innover i fjorden, og føre til ureining på stader som til no ikkje har vorte påverka. For naboar vil miljø i form av støy, arbeid på anlegget og redusert høve til å nytte fjorden til sitt føremål, verte om lag uendra i høve til slik det er no.

Tryggleik sett i høve til dei nye store ankerfesta kan verte därlegare. Det er naudsynt med god merking, eller at posisjonane for ankerfesta og kjettingane i sjø vert merkt på kart, slik at fartøy kan gå klar.

Truleg er konklusjonen at det nye anlegget slik det no er utforma, ikkje fører til større negative endringar. Den positive overvekta vert då at oppdrettet kan halde fram i om lag same omfang som no, på ein betre og tryggare måte.

#### **VEDTAK:**

- Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 gjev Lindås kommune Blom Fiskeoppdrett AS dispensasjon frå gjeldande arealplan til å plassere eit plastanlegg med tre bur og tilhøyrande rammefortøyning, utanfor det området som i gjeldande plan er sett av til føremålet akvakultur og i samsvar med søknad datert 21.05.2015.
- Lokalisering av anlegget er avgrensa av dei posisjonane som er merkt på kart datert 06.10.2014 og utarbeidd av AKVASAFE AS for oppdrettsanlegg i Rekeviki.
- Ankerfesta skal plasserast i gyteområdet på ei tid av året då fisken ikkje gyter.
- Lokalisering av forankringspunkt skal så langt det høver med det anlegget som det her er gjeve dispensasjon for, samsvere med start og stoppunkt for fortøyningsliner i tabell 1 side 4 i søknad datert 15.10.2014. Dei faktisk valde punkta skal merkast av på kart som er tilgjengeleg for ålmenta og andre brukarar av fjorden.
- Avbøtande tiltak for å sikre grunneigarar og ålmenta sitt tilgjenge til og høve til å nytte området til rekreasjon og matauk, skal utarbeidast i eit samarbeid mellom grunneigarane, Lindås kommune og Blom Fiskeoppdrett AS.

Grunngjeving for vedtaket går fram av utgreiinga ovanfor.

#### **Gebyr:**

I samsvar med gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Dispensasjon frå arealføremål i plan kr.8400,-

#### **Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

#### **Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine føresegner. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå dei fekk kunnskap om vedtaket. Jf. §§28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Blom Fiskeoppdrett AS

Ulvøyvegen 130

5337

RONG